



# OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntentn på Osterøy  
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: [lars.mjos@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjos@osteroyindustrilag.no)  
[www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no)

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTET

tysdag 8. april 2008 kl 18.00  
hjá K Lerøy Metallindustri AS, Lonevåg

### Fagtema; Orientering og diskusjon med statssekretær i Handels- og Næringsdepartementet Øyvind Slåke

#### \* Mat og kaffi

\* **Årsmøtet.** 14 personar til stades.

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar. Val av skriuar. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen.

*Vedtak:* Innkallinga godkjend. Møteleiar; formannen. Skriuar; sekretæren. Medlemmer til å underteikne møteprotokollen; Jostein Jacobsen og Ivar Solberg.

2 Årsmelding og rekneskap Sjå årsmelding og revidert rekneskap i vedlegg.

*Vedtak:* Godkjende.

3 Fastsetjing av medlemspengane. Fastsetjing av godtgjersle for styre og sekretær.

**Styret har ikkje gjort framlegg om justering i satsane.**

1 tilsett	700 kr/år
2-4 tilsette	1.000 kr/år
5-9 tilsette	1.400 kr/år
10-14 tilsette	1.700 kr/år
15-30 tilsette	2.500 kr/år
31 og fleire tilsette	3.500 kr/år
Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 350 kr/år	
Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.	
Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.	
Godtgjersle til revisor: kr 500.	
Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 40.000.	

*Vedtak:* Godkjend.

4 Budsjett. Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

*Vedtak:* Godkjend.

## 5 Eventuelle **innkomne saker**.

*Ingen saker.*

## 6 Val.

Val av formann (Lars Magne Bysheim står på val), 2 styremedlemmer (Eimund Øvsthus og Tor Georg Hella står på val) og 3 varamedlemmer (desse er på val: Ivar Solberg, Johan Solberg og Monica Solberg).

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø (tek gjerne attval)

Val av ein medlem med varamedlem til styringsutvalet for Industrikonsulenten (Willy Helgesen med Jorunn Jacobsen som varamedlem står på val).

Val av valnemnd (på val: Formann Jørn Jacobsen, Astrid Tveiten og Leif Tore Solberg) .

Val av revisor (Norodd Helle står på val).

*Jostein Jacobsen presenterte på vegne av valnemnda sin leiar, Jørn Jacobsen, valnemnda sitt framlegg. Framlegget var, med unntak av valnemnda, attval av samtlege.*

**Vedtak:** Attval av samtlege, også valnemnda.

## 7 Årsmelding for Industrikonsulenten (meldingssak). Kort orientering i møtet.

*Ingen merknader.*

*Osterøy den*

*Jostein Jacobsen*

*Ivar Solberg*

*Etter årsmøtet vart følgjande meldingar/ saker tekne opp:*

- *Medlemsmøtet slutta seg til Osterøy Industrilag sin deltaking i **Næringsalliansen** for næringsforeiningane i Bergen og omland.*
- *Det vart orientert litt frå **studieturen til Tyskland**.*
- *Det vart orientert om status for **ny veg Hauge - Lonevåg** og meldingane om **steinmassar** tilgjengelege på Lonevågssida. Det vert arbeidd for å kunne nytte stein ved Gunnebo Anja Industrier AS og for vegomlegging på Bysheim.*
- *Det vert snarleg oppstart av arbeid med **vegutbetringar mellom Hosanger** (utanfor Erstadsvingen) og **Gatland for 3 mill kr** etter at kompensasjonsstyret og vegvesenet går inn med halve summen kvar.*
- *Det vart orientert om arbeidet med **Kompetansesenteret for CNC og robot** ved Osterøy vidaregåande skule.*
- *Det vart orientert om at Osterøy heradsstyre utan høyring har endra si innstilling om **fylkesvegprosjekt** der **ny veg til Bruvik** erstattar ny veg **Tysse - Kallestadsundet**. Osterøy Industrilag har ikkje handsama spørsmålet og har inntil vidare god veg frå bru til bru som vår politikk.*
- *Det vart uttrykt at vegen må utbetrast gjennom **Hosanger sentrum**. Dette vart under synfaring i haust teke opp med Statens vegvesen.*
- *Det er ønske om **medlemsmøte** med orientering om **den nye AFP-ordninga**.*